

# Tilråding frå Statsforvaltaren til Miljødirektoratet om vern av skog

## Gyttavatnet, Fjaler kommune



Statsforvaltaren i Vestland, mai 2024

## Innhold

1. FORSLAG .....	3
1.1 Heimelsgrunnlag .....	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	3
1.3 Andre interesser .....	5
2. SAKSHANDSAMING.....	7
2.1 Sakshandsamingsprosessar .....	7
2.2 Forholdet til utgreiingsinstruksen.....	7
2.3 Forvaltningsstyresmakt.....	8
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN .....	8
3.1 Geografi .....	8
3.2 Verneforskrifta.....	8
3.3 Namn .....	8
4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR .....	9
4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	9
4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	9
4.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	9
4.4 Forvaltningsmynde .....	9
5. Skildring av Gyttavatnet, med merknader .....	10
Inngrepsstatus og andre interesser:.....	10
Samandrag av høyringsinnspela: .....	10
Kommentar frå Statsforvaltaren: .....	13
Namn .....	14
Avgrensing .....	14
Verneforskrift .....	14

**Kart og verneforskrift finn du bak i dette dokumentet.**

## 1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Gyttavatnet naturreservat i Fjaler kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold).

Tilrådinga omfattar 4475 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er om lag 4140 dekar, og av dette er om lag 3 360 dekar produktiv skog.

### 1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane  
*a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),*  
*b (arter og genetisk mangfold),*  
*c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).*

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire [nasjonale mål](#) (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Oppretting av eit verneområde på Gyttavatnet bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområde-nettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c. Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

### 1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet inkluderer viktige naturtypar og eit stort tal trua og nær trua artar. Vern av skogen på Gyttavatnet bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

Verneverdiane for Gyttavatnet er knytt til 12 naturtypelokalitetar som vil bidra til å fyller manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.



*Figur 1 Vi vurderer Gyttavatnet til å oppfylle viktige manglar i skogvernet både i fylket og nasjonalt med gamal og variert rik og fattig edellauvskog, fattig boreonemoral regnskog og forholdsvis intakte område av lågareliggjande skog i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone. Død ved er eit viktig element i skogen fordi så mange insekt, sopp og lav treng dette i livssyklusen sin. Då finn også spettane mat, slik spora på biletet kan vitne om. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.*

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå naturbase, der kjeldene mellom anna er frå:

- Gaarder, G. 2010. Naturverdier for lokalitet Gyttaskaret, registrert i forbindelse med prosjekt Bekkekløfter 2009. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.
- Systad, T. 2004. Kartlegging og verdsetting av viktige område for biologisk mangfold i kommunane Fjaler og Hyllestad. - Hovudfagsoppgave NLH 2004.
- Andersson, M. & Hermansson, J. 2006. Registrering av 22 skogområden på statlig grunn i sør-Norge inkludert Vestlandet. Delprogram 1: 2005. FORAN Sverige AB.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir føreslått verna er hogst og spreiding av framande treslag. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse negative faktorane og bidra til å dekke viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha lita påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er vernereglar om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap

om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen i kapittel 5. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

### 1.3 Andre interesser

#### Kraft og energi:

Det er ei kraftlinje i regionalnettet som går gjennom kandidatområdet i det søraustre hjørnet, det er eigd av BKK Nett AS og linja har namn 66 KV Hålandsfossen – Nedre Svultingen. I tillegg er det ei kraftlinje i regionalnettet mellom Hålandsfossen og Lutelandet, ein hengekabel med 132 kV, som går gjennom arealet på tvers frå aust til vest over Styggehamaren. Denne har eit lengre luftspenn. Under er bilete av linja etter synfaring i kandidatområdet frå februar 2024, der det ser ut til å vere relativt nyleg oppgraderte master og rydding i traseen.



Figur 2 Det er kapp av toppane på furutrea i traseen under kraftlinja Hålandsfossen – Lutelandet som går gjennom det tilrådde området Gyttavatnet som naturreservat. Nokre av furutrea har overlevd, men dei fleste er døde. Linja er relativt nyetablert og er eigd av BKK Nett as.

På offisielle databasar er det også registrert ei 22 kV hengekabel, L40 Nedre Svultningen – Flekke, eigd av Sunnfjord Energi AS. Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor området.

### Kulturminne

Den Trondhjemske postvegen mellom Bergen og Trondhjem går gjennom det tilrådde Gyttavatnet naturreservatet på to strekk, både gjennom Kolbeindalen i søraust og frå Vassliåsen forbi Småtjørna sentralt aust i kandidatområdet. Disse to er merka av på vernekartet. Strekninga har fleire karakteristiske steinbuer langs vegen og vitnar om høg kompetanse på tørrmuring. Postvegen er eit viktig kulturminne, i tillegg til at traseen er brukt til både vandring og sykling. Postvegen vart bygd i siste del av 1700-talet og er eit veghistorisk kulturminne som symboliserer kommunikasjonslinja mellom dei største norske byane på den tida. Denne ruta er ein del av kystpostruta mellom Stavanger, Bergen og Trondheim. Totalt er vegen 695 km lang, der 150 km er kryssing av fjordar og innsjøar. Vegen har høg verneverdi. Det er ikkje utarbeidd ein skjøtselsplan i regi av Statens vegvesen for delen av postvegen som går i kandidatområdet.

Vi har ikkje registrert andre kulturminne innafor vernegrensa ut i frå søk på offentleg tilgjengelege databasar.

### Jakt og friluftsliv

Jakt er ein del av både næringa og rekreasjon i området. Naboen utanfor kandidatområdet i vest, gards- og bruksnummer 26/2, har felles jaktrett med 26/1 som ligg innanfor kandidatområdet. I tillegg har dei to eigedomane felleseige på teigen i nord som er merka 26/1-2. Eigedom 26/2 har også rett til å køyre på vegane til eigedomen til 26/1 og nyttar disse til køyring i jaktaugemed.

Det er enkelte stiar i området, men ut i frå observasjonar på synfaring (i februar) ser det ut til å vere relativt lite ferdsel (lite slitasje på stiane) i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går langs vestsida av Botnane til Lendinga, der det er nokre bygg som er heldt utanfor vernegrensa. Ein tur, Håheia, er registrert på UT.no som så vidt går innafor kandidatområdet heilt i nord, den er lagt inn som ein middels krevjande tur på 4,8 km med start frå Solheim. Den Trondhjemske postvegen er registrert på UT.no frå Rennestraum til Sveien. Truleg er det mest bygdefolk, jegerar og beitedyr som nyttar stiane utanom disse. Det er ein rasteplass som er mykje i bruk på vestsida av brua sør for Botnatjørna. Her er det laga til ein bålplass og sitteplassar. På flyfoto av området er det synlege bilar som parkerer på og langs traktorvegen innanfor det tilrådde verneområdet på teigen eigd av Miljødirektoratet. Det er i dette området det også er bålplass i mykje bruk, jf. førre avsnitt.

### Landbruk

Det er truleg beite frå sau i det foreslegne naturreservatet. Det er markert ein traktorveg inn frå aust sør for Botnane til det føreslegne naturreservatet. Postvegen kan nyttast av grunneigarar til skog- og beitebruk, jf. regelverket for kulturminnet postvegen, forutsett at vegen er tørr og bar. Dersom andre enn grunneigarar skal nytte postvegen må ein søkje Statens vegvesen om løyve. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser ved Gyttavatnet.

Vi fekk innspel om ein gamal tinglyst bruksrett tilhøyrande gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2. Disse ligg tilgrensande vest for kandidatområdet for frivillig skogvern. Retten gjeld hevd på å kunne køyre ut tømmer frå eigedommane øvst i Kolbeinsdalen og ned til ein velteplass ved vatnet Kjosjen, som den einaste moglegheita for å få frakte ut tømmer på naboeigedomen.

## Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Fjaler kommune sin arealplan. Vi har ikkje fått innspel frå Fjaler kommune i verneprosessen.

## 2. SAKSHANDSAMING

### 2.1 Sakshandsamingsprosessar

Grunneigarane på Gyttavatnet har, med ordninga frivillig skogvern, akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane, og som har sett til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

Det tilrådde verneområdet på Gyttavatnet er lokalisert på gards- og bruksnummer 26/1, 96/1, 96/3, 96/8, 96/9, 98/3 og 104/2 i Fjaler kommune. Området er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av areal som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Miljødirektoratet eig areal i kandidatområdet. Tilbodet kom oss i hende 22. juni 2018. Verneprosessen fram til offisiell oppstartsmelding har teke lang tid grunna arbeid med makeskifte.

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Gyttavatnet naturreservat	22.06.2018	07.12.2023	11.03.2024

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale aviser og i papiraviser. Vi legg vekt på å informere grundig på heimesidene våre.

Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Vi melder oppstart av frivillig skogvern ved Gyttavatnet i Fjaler kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern for Gyttavatneta naturreservat i Fjaler kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

### 2.2 Forholdet til utgreiingsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksen. I kapittel 1 og 2 vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 vert samfunnsnytta av verneforslaget vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir forslaget omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i vernereglar og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og innspel til verneframlegget.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

### 2.3 Forvaltningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndigheit for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

Statsforvaltaren oppmoda spesielt Fjaler kommune, i høyringa, til å uttale seg om kommunen er interessert i å overta forvaltningsansvaret for naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Vi har ikkje fått innspel frå Fjaler, men vil vidareseende svaret til Miljødirektoratet dersom det kjem etter at vår tilråding er sendt.

## 3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

### 3.1 Geografi

Ved ein inkurie var to gards- og bruksnummer ført opp i forskrifta som ikkje har areal inne i verneområdet, dette er no retta i verneforskrifta. Det er ikkje gjennomført endringar i den geografiske avgrensinga etter oppstarten.

### 3.2 Verneforskrifta

Vi la til ein del nye heimlar i verneforskrifta *før* høyring basert på innspel mellom anna frå kulturminnekompetanse i Statens vegvesen, som vi fekk i oppstartsmeldinga.

I verneforskrifta for Gyttavatnet er det lagt inn formuleringar for den Trondhjemske postvegen tilsvarande om lag som i verneforskrifta for Helleren naturreservat i Lærdal, der kongevegen går gjennom. Det er mange likskapar mellom disse to historiske veganlegga. Vi la inn eit tillegg i forskrifta § 3 bokstav d. Dette gjeld forbodet mot større arrangement, men at det ikkje gjeld på den Trondhjemske postvegen, slik at den framleis kan vere arena for friluftsliv t.d. frå skuleklasser eller bussgrupper eller andre utan at vi skal setje krav om løyve etter verneforskrifta. Vi la inn i ny § 4 bokstav d, med eit generelt unntak frå vernereglane for *vedlikehald* av postvegen, inkludert skjøtsel etter skjøtelsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. I § 6 bokstav e er det opna for naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel eller enkelt vedlikehald, jf. § 4 bokstav g (etter skjøtelsplan). Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. For restaurering av delane av postvegen som treng gjenoppbygging viser vi til dispensasjonsheimelen i § 7 bokstav a som lyder Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til: Istandsetting, restaurering og naudsynt skjøtsel av kulturminne.

Etter oppstarten la vi inn i framlegget ein ny § 7 l: Naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark ned Kolbeinsdalen mot Kjosan i samband med utkøyring av tømmer felt på gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2.

Vi endra formuleringa i verneforskrifta § 11 om forvaltningsmynde jf. brevet frå KDD.

Etter høyringa er det også gjort enkelte endringar i forskrifta for å svare ut innspela som har komme inn. Vi endra også enkelte formuleringar knytt til temaet jakt og motorferdsel, som å inkludere «og småbusk» i § 4 bokstav g, inkludere «traktorvegar, og» i § 5 bokstav b og «og med traktor eller ATV på eksisterande traktorvegar» i § 6 bokstav b. Sjå elles kapittel 5, under Verneforskrift.



### 3.3 Namn

Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Gyttavatnet naturreservat*.

## 4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

### 4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane er gjennomført tidlegare, og har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige mogleheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

### 4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følgje av etableringa av Gyttavatnet naturreservat, med utgifter til både forvaltning og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det er stadvis ein del gran og andre framande treslag både innanfor og i nærleiken til det tilrådde verneområde som bør bli vurdert fjerna for å kunne restaurere den naturlege skogen. Naturrestaurering er kostnadskrevjande, men vi vurderer at naturgevinsten er større enn ulempene.

Det kan bli utarbeida ein forvaltningsplan for naturreservatet med nærare retningsliner for bruk, vern, oppsyn og gjennomføring av skjøtsel.

### 4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilbodet frå grunneigarane på Gyttavatnet om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

### 4.4 Forvaltningsmynde

Fjaler kommune har førebels ikkje teke stilling til om dei ønskjer å overta forvaltningsmynde for Gyttavatnet naturreservat. Vi sendte ein førespurnad til kommunen under høyringa og vil vidareseende denne dersom vi mottok innspel i saka.

## 5. Skildring av Gyttavatnet, med merknader

Totalareal 4475 dekar.

Skogareal totalt 4137 dekar.

Produktiv skog 3300 dekar.

### Verneformål og særskilte verneverdiar:

Skogen vi tilrår til vern inkluderer 12 ulike naturtyperegistreringar i eit forholdsvis samanhengande og intakt område av lågareliggjande skog. I arealet er det registrert stor variasjon i vegetasjon, og jamt over fleiraldra skog med lite påverknad av menneskeleg aktivitet. Det er gamal kystfuruskog med blåbærskog og lågurtskog med seintveksande furutre, stadvis truleg med alder på truleg over 300 år. Skogen ligg i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone, og klart oseanisk/sterkt oseanisk kystseksjon.

Sørvest i tilbodsområdet ligg ei nordvendt kløft med velutvikla lav- og mosesamfunn med fuktkrevjande artar, og det finst fleire lokalitetar med velutvikla gamal boreal lauvskog med kravfulle raudlista artar som olivenlav og kystprikklav. Ved vatnet er det blåbær-svartorskog og alm-lindeskog av vestleg utforming med hasselkratt. Artsregistreringar som ospeildkjuke tyder på god kontinuitet av osp. Eit funn av blomsterstry (VU) var det andre funnet av arten på Vestlandet.

Arealet dekkjer også rik edellauvskog med grove tre av svartor, lind og eik. Det er registrert gamal fattig edellauvskog med hasselkratt og gamal svartorskog. Lokaliteten er ein del av eit større skogområde med kvalitetar knytt til både eldre lauvskog med rike lavsamfunn, regnskogsmiljø og eldre furuskog.

Vi vurderer området til å oppfylle viktige manglar i skogvernet både i fylket og nasjonalt med gamal og variert rik og fattig edellauvskog, fattig boreonemoral regnskog og forholdsvis intakte område av lågareliggjande skog i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

### Inngrepsstatus og andre interesser:

Sjå kapittel 1.3 for omtale av brukarinteresser.

### Samandrag av høyringsinnspel:

Verneplanen vart sendt på høyring til AT Skog (som vidare sendte til grunneigarane), Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådernes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Forening, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet,

Stadnamntenesta på Vestlandet, Norges Jeger- og Fiskerforbund avd. Sogn og Fjordane, Fjaler kommune, Fjaler politistasjon, Indre Sunnfjord turlag, Stiftelsen Røde Kors Nordisk United World College, Flekke Beitelag, Flekke grendalag, Jenny Kjøsnæs, Torbjørn Espedal, Helge Bøe og grunneigarar via AT Skog.

Det kom inn 6 innspel til oppstartsmeldinga og 4 innspel til verneforslaget. Eitt innspel kom inn etter fristen, men vi har inkludert alle innspela i prosessen vidare.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel om traktorvegar og ferdselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at det ikkje er riksvegar i kandidatområdet. Delar av traseen til den Trondhjemske postvegen ligg innafor dei føreslegne vernegrensene, søraust i planområdet. Vegvesenet sendte med eit kartutsnitt i brevet for å synleggjere traseen. Det er viktig at naudsynt vedlikehald og reparasjon, inkludert bruk av maskinelt utstyr, vert tillate i verneforskrifta, skriv dei. I sitt innspel til høyringa skriv SVV at dei vurderer dei nye heimlane som er lagt inn i forskrifta for å skjytte postvegen er tilstrekkelege. Dei gjer oss likevel merksame på at linjearbeid på kraftgatene kan gjere skade på postvegen og ber om eit tillegg til forskrifta si § 7 bokstav j som sikrar vegen i slike høve.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår å nytte namnet Gyttavatnet naturreservat.

Jenny Kjøsnæs, Torbjørn Espedal og Helge Bøe sendte innspel til oppstartsmeldinga. Dei er eigarar av gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2, som er naboeigedomar vest for kandidatområdet for frivillig skogvern. Gardane har ei tinglyst bruksrett til å frakte ut tømmer frå eigedomane øvst i Kolbeinsdalen og ned dalføret til ein velteplass ved Kjosens. Sidan denne traseen, gjennom det kommande naturreservatet, er einaste mogelegheit for å frakte ut tømmer ville dei tre grunneigarane vite korleis retten deira vart ivareteke vidare i verneprosessen.


Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) informerte om arbeidet med å gå gjennom regelverket i ulike sektorar i staten. KDD viser i brevet til at det er eit mål at myndigheit som ligg hos kommunane skal gå fram direkte av lover og forskrifter og ikkje av delegeringsvedtak. Som del av dialogen på departementsnivå er det teke inn ei ny formulering i forskriftsmalane § 11 om at "Miljødirektoratet kan delegerer myndigheita til kommunar som samtykker til det." Der kommunen i samband med verneprosessen takker ja til å bli forvaltningsstyresmakt vil dette gå fram direkte av verneforskrifta

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) informerer at det, søraust i kandidatområdet, kryssar eit eksisterande nett drifta av BKK AS og at BKK AS er områdekonsesjonær. NVE skriv vidare at det er viktig at områdekonsesjonær uttalar seg om aktuelle planar eller om bestemmingane i forskriftene ikkje dekkjer den enkelte konsesjonær sine behov og ber såleis nettselskapet om å uttale seg, også i tilfelle utan konflikt. NVE ser at det i utkastet til verneforskrift er på plass alle standardformuleringar om energi- og nettanlegg. Til høyringa skriv NVE at forskriftsforslaget inneheld alle standardformuleringar for energi- og kraftanlegg, og ber endå ein gong BKK AS om å uttale seg for å sikre at vernereglane dekkjer deira behov.

Norges orienteringsforbund anmodar i sitt innspel til høyringa at orientering vert tillate i verneområdet. Organisasjonen visar til brev frå Norsk Friluftsliv til Miljødirektoratet med forslag til endringar i mal for verneforskrift, og ber samstundes om at det vert gitt ein generell opning for orienteringsaktivitet i naturreservatet.

Liv Tyssekvam er grunneigar på gards- og bruksnummer 26/2, vest for eigedom 26/1 som har areal inne i kandidatområdet, og sonen Ingvar Tyssekvam har sendt innspel til verneprosessen på hennar vegner. Tyssekvam er del av felles jakt på teig 26/1, i tillegg har dei rettar i eigedomen i nord merka 26/1-2. Denne sistnemnte teigen ligg høgare i terrenget, i nord ovanfor kandidatområdet på 26/1. Innspelet består av tre ulike punkt.

1. Tyssekvam har køyrerett på etablerte traktorveggar på 26/1, og spelar inn at kart og terreng ikkje stemmer overeins. Skogsvegane går lengre inn i området enn det som er synleg på offisielle kart, og retten til å nytte motorisert ferdsl, eksempelvis traktor, må vere mogeleg på alle disse etablerte vegane. Vegane må også kunne haldast ved like. Kartet må bli revidert slik at vernet ikkje hindrar motorferdsel på disse vegane.
2. Sidan Tyssekvam har rettar på teigen ovanfor kandidatområdet, på 26/1-2, vil Tyssekvam halde fast på mogelegheita for å byggje skogsveg frå der vegen sluttar i dag og heilt fram til teigen der dei har rettar. Å byggje skogsvegen gjennom kandidatområdet for skogvern er den einaste mogelegheita, då vestover mot garden Tyssekvam (utanfor kandidatområdet) blir for bratt og lite eigna. Kartet under er Tyssekvam si skisse av potensielle trasear for vegbygging gjennom kandidatområdet og opp til eigedom 26/1-2.



Figur 4. Oransje stipla linjer viser skisser med muligheit for tilordning for motorferdsel til eigedom 26/1-2. Øvrig terreng mot vest er veldig bratt, og lite eigna

3. Gjennom felles jaktrett er det naudsynt under storviltjakta å kunne rydde buskar og små tre, nokre gonger i utstrekning som mogelegvis går ut over formuleringa i forskrifta. Sjølv om ein

skal vere rimeleg er det ikkje eit ønskje hos Tyssekvam å risikere å bryte reglar for å skjære vekk ungtre/buskar under utøving av jakta.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i tilrådinga, og det er ikkje stølar eller seterområde i området. Eit hytteområde er heldt utanfor. Det er nokre vegtrasear av ulik alder i det tilrådde området, men den mest solide er på Miljødirektoratet sin eigedom. Korleis den skal bli vurdert vidare kan bli tema i ein framtidig forvaltningsplan. Dei to vegane på teig 26/1 er omfatta av lov om motorferdsel i utmark, med den bruk som følgjer av lova.

Vi har lagt til rette for at den Trondhjemske postvegen blir teke omsyn til som kulturminne og har tilpassa verneforskrifta etter innspelet frå Statens vegvesen (SVV). Vern av Gyttavatnet som naturreservat vil ikkje hindre vedlikehald eller restaurering av kulturminne i samråd med Statens vegvesen og/eller kulturminnestyresmaktene. Vi bad om meir informasjon frå SVV i høyringa, til dømes om det føregår årleg skjøtsel på vegtraseen, slik det til dømes blir utført på Kongevegen gjennom Lærdal, og det finst ikkje, då vegvesenet vurderer at bruken av området er primært for gåande og syklande. Vi ser frå andre stader at flora og fauna kan ha nytte av slått etter ein skjøtelsesplan. Vanleg vedlikehald vil ikkje krevje dispensasjon, men restaureringsarbeid med til dømes gjenoppbygging av steinmurar vil forvaltningsstyresmakta kunne gje løyve til dersom vilkåra er til stades. Skjøtsel vil elles kunne bidra til at lysopne område blir oppretthalde inntil vegbana og hindre at røter eventuelt trenger seg inn i murane. Det vil vere mogeleg å nytte naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel eller enkelt vedlikehald. Kjøretøy som vert nytta skal være skånsam mot markoverflata.

Vi la innspelet frå Språkrådet til grunn og tilrår namnet *Gyttavatnet naturreservat*. Sjå meir om namn under kapittel 3.1.

For å sikre at grunneigarane Jenny Kjøsnes, Torbjørn Espedal og Helge Bøe, som i vest grenser til kandidatområdet, framleis skal få nytte sin hevd på å frakte ut tømmer, la vi inn ei formulering i verneforskrifta si § 7 bokstav l. Det inneber at forvaltningsstyresmakta, etter søknad, kan gje dispensasjon til naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark ned Kolbeinsdalen mot Kjosens i samband med utkøyning av tømmer felt på gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2. Frakt av tømmer på snødekt mark vil vere avgjerande for å unngå skade på terrenget.

Den nye formuleringa frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) er teke inn i § 11 i framlegget til verneforskrift for Gyttavatnet naturreservat. Dersom kommunen takkar ja til å bli forvaltningsstyresmakt vil dette gå direkte fram av den endelege verneforskrifta.

Statsforvaltaren følte opp NVE sitt innspel. BKK AS var kopimottakar av brevet frå NVE, og vi sendte høyringa til BKK AS i lag med andre mottakarar av høyringa. Vi bad om innspel i høyringa om linja som nyleg vart oppgradert/etablert gjennom kandidatområdet, då det var manglande informasjon om denne traseen i kart. Etter høyringa har den digitalt tilgjengelege informasjonen om linja blitt oppdatert. Vi har inkludert standardformuleringar om kraft og energi i verneforskrifta og legg til grunn at BKK AS ville ha sendt innspel om det var spesielle omsyn.

Vi gjer ikkje endringar i verneforskrifta for ei generell opning for orientering, jamfør innspelet frå Norges orienteringsforbund, men dersom det er ønskje om å arrangere eit orienteringsløp i Gyttavatnet naturreservat kan ein søkje om det, jf. verneforskrifta si § 7 bokstav f. Vi viser elles til dialog mellom Miljødirektoratet og Norsk Friluftsliv.

Vi ser på ulike flyfoto at [Ingvar Tyssekvam, på vegner av Liv Tyssekvam](#), kan ha rett i at det går trasear med køyrespor noko inn i kandidatområdet. Det er ikkje lett å sjå på flyfoto kor dei endar, det ser ut som ein gradvis overgang. Vegane ser ut til å vere av enkel standard, noko ser ut til å vere i attgroingsfasen, men vi har ikkje vore ute i felt for å undersøkje standarden. Miljødirektoratet skriv følgjande om motorisert ferdsel, og i [utmark gjeld særskilte reglar for motorferdsel](#): *Vei i utmark som ikke er opparbeidet for å kjøre med vanlig bil, er utmark. Dette gjelder for både offentlig og privat vei. Om veien er opparbeidet for å kjøre med vanlig bil, må avgjøres i hvert enkelt tilfelle. Traktorveier og liknende faller inn under loven, selv om det er mulig å kjøre der med for eksempel firehjulsdrevet jeep. At en vei er framkommelig for en vanlig tohjulsdreven personbil, er ikke tilstrekkelig for at den kan bli regnet som opparbeidet for å kjøre med bil. Det er en forutsetning at veien er særskilt opparbeidet for slik kjøring.* Dei aktuelle traseane er såleis å vurdere som utmark og kan berre bli nytta til jord- eller skogbruk. Begge disse aktivitetane er uaktuelle no med kandidatområdetets snarlege status som naturreservat. Vi har lagt inn ei tilleggsformulering i forskrifta si § 6 andre ledd bokstav b, etter komma: *og med traktor eller ATV på eksisterande traktorveggar.* Då kan Tyssekvam, som har jaktrett og køyrerett, kunne frakte ut felt storvilt med traktor eller ATV også langs den delen av traseen som ligg innafor frivillig vern-området. Det vil ikkje vere mogeleg å nytte motorisert ferdsle med t.d. traktor eller ATV her, av grunneigar eller andre rettshavarar, til anna enn å frakte ut felt elg eller hjort. Ein vil kunne søkje om dispensasjon til å nytte motorferdsel til andre tiltak og aktivitetar jf. verneforskrifta, til dømes til restaurering av kulturminne eller oppsetting av gjerde, og få løyve dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Vi opnar samstundes, i verneforskrifta, for bruk for sykkel, hest og kjerre, samt riding langs traktorvegane, og vi har såleis lagt til ein tilleggsformulering i forskrifta § 5 bokstav b. Når det gjeld vedlikehald så vurderer vi at forskrifta § 4 bokstav d vil vere dekkande, men om køyrespora er i gjengroingsfasen så vil det ikkje vere mogeleg å ruste dei opp att til standarden på tidleg nittital, då det ser ut til at dei vart etablert.

I spørsmålet om å ha opning for å byggje skogsbilveg gjennom verneområdet vil det ikkje vere mogeleg, då det vil vere i strid med verneføremålet. Det er på den andre side lite skog på teig 26/1-2 som ville ha forrenta bygging av ein skogsveg, noko som reduserer sannsynlegheita for gjennomføring av eit slikt tiltak.

Det står i forskrifta at det vil vere lov å fjerne mindre mengde kvist i siktgater i samband med storviltjakt. I ei tidlegare verneforskrift i Gulen har vi brukt omgrepet «småbusk og kvist» og dersom det er ei grei presisering for Tyssekvam legg vi gjerne inn «småbusk» i tillegg til kvist i forskrifta § 5 bokstav g. Tidlegare har vi presisert med grunneigarar i felt at dersom ein, i jaktaugemed, kan knekke av ein kvist eller busk med handmakt i eit siktefelt under posteringsjakt på t.d. hjort, er det innafor ramma som verneforskrifta set, men dersom ein treng å bruke øks eller sag er det utanfor det som er lov i verneforskrifta.

#### Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Gyttavatnet naturreservat, det har ikkje komme innspel på andre namn i verneprosessen.

#### Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget, sjå neste side.

#### Verneforskrift

Det er gjort ei retting av gards- og bruksnummer etter høyring. Endringar mellom oppstart og høyring er omtalt tidlegare. Vi har også inkludert nokre tillegg for presisering og for å møte ein naboeigedom med rettar i kandidatområdet. Tilleggsformuleringar er merka med understreking:

- § 4 bokstav g: fjerning av mindre mengde kvist og småbusk i siktgater i samband med storviltjakt
- § 5 bokstav b: Utanom traktorvegar, og den Trondhjemske postvegen markert på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode i naturreservatet.
- § 6 bokstav b: nausynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller ATV på eksisterande traktorvegar

Elles tilrår Statsforvaltaren verneforskrifta som i høyringsforslaget. Verneforskrifta ligg bak i dette dokumentet.

#### Tilråding

Vi tilrår at området Gyttavatnet blir verna som naturreservat.

## **Framlegg:**

### **Forskrift om vern av Gyttavatnet naturreservat, Fjaler kommune, Vestland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.202x med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med forskrifta er å ta vare eit variert skoglandskap med fleire parti av høg alder, med eit mangfald av artar og vegetasjonstypar med oseanisk preg. Området har velutvikla kystfuruskog, edellaauvskog og boreal lauvskog, og har stor verdi for biologisk mangfald.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg naturleg.

#### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Fjaler kommune:26/1, 96/1, 96/3, 96/8, 96/9, 98/3, 104/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 4475 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Fjaler kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 3. (vernereglar)**

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelgging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode. Dette gjeld ikkje på den Trondhjemske postvegen markert på vernekartet.

#### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av postvegen, inkludert skjøtsel etter skjøtelsplan, og andre eksisterande vegar, stiar, anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet
- e. beiting



- f. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. fjerning av mindre mengde kvist og småbusk i siktgater i samband med storviltjakt
- h. merking og rydding av eksisterande stiar vist på vernekartet
- i. bålbrekking med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk
- j. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet
- k. oppgradering eller fornying av kraftliner for heving av spenningsnivå og auke av linjetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane nemnt i verneføremålet nemneverdig.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom traktorvegar, og den Trondhjemske postvegen markert på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode i naturreservatet.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller ATV på eksisterande traktorvegar
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.
- e. naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel eller enkelt vedlikehald på postvegen, jf. § 4 bokstav d. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, restaurering og naudsynt skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. uttransport av felt elg eller hjort med anna motorisert ferdsle enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. utsetting av saltstein i samband med beiting
- e. ringbarking, hogst eller uttak av gran og andre framande treslag
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. merking og rydding av nye stiar
- h. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- i. oppgradering og fornying av kraftliner som ikkje fell inn under § 4.
- j. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 d og § 7 a, b, e og h.
- l. naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark ned Kolbeinsdalen mot Kjosjen i samband med utkøyring av tømmer felt på gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

**§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

**§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

**§ 12. (ikraftsetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.